



Olav Erlend Torheim  
Håtuftvegen 212  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/982 - 17/9416

Saksbehandlar:  
Berit M.Eskeland  
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:  
09.05.2017

## Godkjenning - GBNR 30/1 - Søknad om løyve til bygging av avkøyrsl

**Administrativt vedtak. Saknr: 127/2017**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 24.04.2017. GBNR 30/1 har i dag ein eksisterande avkøyrsl som eigar vurderar som trafikkfarleg. Eigar søkjar difor om å byggje ein ny avkøyrsl på egedomen, og ønskjer deretter å stengje eksisterande avkøyrsl.

Meland kommunehar vore på synfaring på egedomen den 26.01.2017. Egedomen ligg i uregulert område.

### Vurdering

GBNR 30/1 har avkøyrsl til kommunal veg 1133 Håtuftvegen. Administrasjonen er samd i grunneigar si vurdering om at eksisterande avkøyrsl er trafikkfarleg. Avkøyrslen har svært dårleg sikt, og det er ikkje mogleg å snu bilen på egedomen.

Håtuftvegen har fartsgrense 50 km/t og siktkravet til avkøyrsl er i utgangspunktet 45 m. I søknaden frå grunneigar vert det opplyst om at den nye avkøyrslen vil ha sikt 80 m mot sør og 25 m mot nord.

Sjølv om siktkravet mot nord ikkje er oppfylt, vurderar kommunen at den nye avkøyrslen likevel vil få ein mykje betre sikt enn eksisterande avkøyrsl. I tillegg vil det no bli mogleg å snu bilen på eigen egedom. Administrasjonen kan heller ikkje sjå at det er mogleg å få til ein betre avkøyrsl på egedomen. Håtuftvegen er også ein lite trafikkert veg, noko som taler for å dispensere frå siktkravet.

### Vedtak

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Med heimel i veglova §§ 40 og 43 godkjenner Meland kommune avkøyrsele på følgjande vilkår:

- Avkøyrsele må opparbeidast i henald til innsendte planer
- Eksisterande avkøyrsele må stengast når den nye avkøyrsele er ferdigstilt
- Avkøyrsele må utformast med ein svingradius på minst 4 m
- Frisiktsona skal til einkvar tid vere fri for sikthindringar av midlertidig eller permanent art, høgere enn 0,5 m over hovudvegen sitt nivå. Eksempel på sikthindringar er vegetasjon, gjerde, mur, bosspann eller liknande. Parkering i frisiktsona er ikkje tillatt.
- Avkøyrsele skal byggast slik at overvatn frå veggen ikkje renn inn i avkøyrsele. Den må også byggast slik at overvatn frå avkøyrsele ikkje renn inn i veggen. Dersom avkøyrsele avskjerer åpen grøft skal det leggast avlaupsrør med minimum diameter 200 mm. Avlaupsrør skal leggast slik at veggroften sin funksjon vert oppretthaldt. Grøftevatnet skal ha fritt løp inn og ut av røyrret eller Der avkjørsel krysser fortau skal kantstein nedsenkes til 5 cm.
- Avkøyrsele med tilhøyrande siktområde, rør eller stikkrenne, skal vedlikehaldast av grunneigar eller brukar, uten omsyn til kven som har bygd eller kosta avkøyrsele

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
kart

**Kopi til:**  
Marianne Aadland Sandvik  
Marius Flemmen Knudsen

**Mottakere:**  
Olav Erlend Torheim

Håtuftvegen 212 5918

FREKHAUG